

No 215 ¹ Tone; Tillags aat alle kan

Han

I sinn aa tanka der *hugmaal* leikar
Dei fær aa *kjeme* dei stundom streikar
Dei leikar med meg i svevn aa draum
Som *attebæra* i stride straum.

Ho

Du maa kje undrast det skal so vera
De da lyfte aa heilt kan bæra
So hug aa lengslor med draum aa sviv
Da høyre til eit utvikla liv

Han

De so med meg eg hev liti røynsla
De berre *lengslor* aa sviv aa *gløymsla*
Men naar det høyrer no livet til
So faar det bera den veg det vil.

Ho

Aanei min kjære skal du deg greia
Paa verdens *matna* eg skal deg seia
?in beste kjendslor du tek paa raa
Din *vesaldom* faar du røyna, sjaa.

Han

Me maa med verdi os ymist laga.
Just daa me leva dei beste daga
Me leika dansa dar fela let
Aa graata dar me sjaa andre gret.

Ho

So mang ein ungdom i *soræ* villa
Hev fengje ska aa er fare illa
Nei rette leidi ein færast må
Kvart ljøs aa merkje ha auga paa.

Han

Sjaa paa dei lærde kva veg dei peikar
Dei drik aa svira i villa leikar
Dei *njotar* verdi aa kosar seg
So liv aa lære gjeng kvar sin veg

Ho

Dei kan vel skyna at *sovern levna*
Gjev blod aa kjøte sin rette *trevna*
I mat aa morro er livet gildt
Men leva Kristus er trongt aa *ilt*.

Han

Eg trur at mange er burt i villa
I drykk aa sviring fær alle illa.
For rusdrykk tek ikkje noko *skym*
Baa lek aa lærd faar den same løn.

Ho

Ei nakje sanning det soleis felle
Men grunnen er folk seg illa stelle
Dei lata *hugar* aa sviv faa raa
Aa so kjem sorgor aa sut attpaa.

Han

Livets vegar dei er so mange
Ein del er romsleg aa andre tronge,
Hev kjerleiks ovmoda aa guldets veg,
Paa desse vegane mengdar dreg.

Ho

Ja disse vegar hev stride straumar
Dei strammar hugen med sterke taumar
I gull aa elskhug dei meiner daa,
Aa finna lukka, ja lat no sjaa.

Han

Ja desse hugar hev djupa røte
Dei er kje berre fraa blo aa kjøte.
Naar slik dei elskar dei leve vel,
De slike *dygdar* so gled vor sjel.

Ho

Den sande kjærleik er alltid trugen
Me kjenner til det me hava hugen
Vil gjerna elska aa halda taa.
Men trugne vener er *vant* aa faa.

Han

So altformykje ein verte narra
Me hev dessverre aag janus *klarra*
So gjer seg *fjaage*. Sjaa vene ut.
Men narreskap vert det vel tilslutt.

Ho

Men soleis skulle det ikkje vera
Me skulle sanning aa truska lære
Aa meira taksemd aa *vyrdnad* ha
For Gud aa menneske kvar me ga.

Han

Eg heller ikkje kan li aa lika
At folk i elskhug *kvarare* svika
Aa kjem den stundi einngong at eg
Skal lova truskap, so lit paa meg.

Ho

Ein hev kje røynsla kva du kan verta
Men faar no *ærleikjen* raa dit hjarta
Aa sant du elska i bøn aa tro
So vert det gildast naar ein vert to.

Han

Ja soleis hev eg no tenkt da lengje
Men endaa hev eg kje kjærleik fengje
Til nokon so eg hev vaagt meg til
Aa fri for aalvor, men no eg vil.

Ho

Ja vil du Ola, da tek du paa da
So let du kjærleik da heila raada.
Aa elskjen aukar naa ein vert to
Me venta paa deg kvar stundi no.